

# Lars Talgø og brukrkronene hans

Romsdalsmuseets logo er det eit bilde av ei brukrkrona. Krona er laga av Lars Talgø i 1850-åra, og ho vart kjøpt på aukasjon på Kleive i 1914. Romsdalsmuseet betalte heile 424 kroner for krona med utstyr, og det tilsvare prisen på ein god hest på den tida. Fram til 1970-åra vart den originale brukrkrona lånt ut til bryllup og opphog, og det var populært. Ved siste års skiftet fekk Romsdalsmuseet endå ei brukrkrona i samlingane sine.

Denne krona har vore bruk i Fræna i fleire generasjonar, og ho hadde eitt av Lars Talgøs stempel slik som Kleivekrona.

## Men var Lars Talgø?


Dette er det ikkje så enkelt å svare på, for det var tre Lars Talgø(e) på 1800-talet. Det var Lars Olsen f. 1797, Lars Endresen f. 1828 og Lars Larsen f. 1830. Alle er etter kvart å finne i Kristiansund, og då står det ofte berre «Lars Talgø» i kjeldene. Det kan derfor vere krevjande å skilje mellom Lars-ane, men familienamnet kjem frå Talgøy-garden (eller Taløyam) i Todalen. Dette var ein stor mattrikkelegard ved vegen oppover til Kårvatn, og namnet finst ikkje andre stader i fylket vårt. Me startar derfor i Todalen i Stangvik prestegjeld.

I 1801 er det registrert 17 per-sonar i Talgøya. Odelsguten heite Elling Olsen (f. 1780) og yngstemann var Lars Olsen (f. 1797). Det må truleg ha vore eit handverkarmljv på garden, for bygdebokforfattar Leif Halse skriv at Lars vart «gjørtlar og sølvsmed» i Kristiansund. Brø-  
ne Elling og Lars gifta seg med søstrene Brit og Ingrid frå «Austgarda» på Kvenset, så slektsbanda var tette. Elling og Brit får dottera Anne 8. april 1805, og ho er ei viktig brikke i det som skjer vidare.

## Drungen Endre Nilsen Aasen frå «Surdalen»

Sist i 1820-åra var Endre Nilsen Aasen (f. 5. august 1798) dreng på garden, dvs. eg lurar på om han også gjekk litt i læra hos handverkareren Lars, som var på alder med Endre, og som emno budde heime. Anne Ellingsdot-ter og Endre Nilsen fekk eit barn utafør ekteskap i 1828. Ved dåpen i Stangvik-kyrkja den 29. juni same året fekk gutten namnet Lars (Endresen) et-ter morfar sin.

Endre Aasen flytta til Kristi-ansund og tok borgarskap som umakar. Anne og guten Lars budde i Todalen fram til 1835. Den 22. april 1835 gifta Anne og Endre seg i Stangvik-kyrkja, og ved det høvet skreiv prestren følgjande: «Han er født i Surndalen, hun i Stangvik, de skulle for fremtiden boe i Christian-sund.» Det høsta nok litt med



o sider av den sterkt brannskadde kyrkjeboka for Kristiansund 1852. I dette oppslaget står m.a. at Lars Talgø gifta seg med enke og jordmor Kristine Strøm. Det er arbeidsamt å studere slike kyrkjebøker som dette. FOTO: BJØRN AUSTIGARD

bryllup, for den 5. oktober kom Margrete til verda, og ved dåpen i Kristiansund den 30. desember står dette i kyrkjebo-ka: «Uhmager, Borger Endre Aasen. Kone Anne Ellingsdtr. af Christiansund.» Lars Olsen Talgø, farbror til Anne, er mel-  
lom fadrane.

## Aasen-familien i Todalen og Kristiansund


Anne og Endre Aasen får på ein måte to kull med barn. Lars, som var fødd på Talgøy-garden i 1828, voks opp hos besteforel-  
dra og vart konfirmert i Stang-  
vik-kyrkja i 1844. Han kalla seg derfor Lars (Endresen) Talgø heile livet. I Kristiansund fekk han etter kvart desse heil-søs-  
kena:

- Margrete Endresdtr. Aasen f. 1835, sydamme, lærar, hotellvertinne
- Nils Endresen Aasen f. 1839, gullsmed
- Sivert Endresen Aasen f. 1847, matros 1865
- Johan Endresen Aasen f. 1848, gullsmed
- Arne Elvne Endresdtr. Aasen f. 1852, sydamme 1875

Her er det mange handverka-  
rar i gullsmedefaget, og no står det att å skilje mellom Lars Ol-  
sen Talgø (1797) og Lars Endre-  
sen Talgø (1828) som båe flytta  
til Kristiansund og som arbeid-  
de med gull og sølv.

## «Sølvarbeider og Borger Lars Talgø»

Lars Olsen Talgø gifta seg med Ingrid Larsdtr. Kvenset, og dei fekk tvillingane Olaus og Lars i Kristiansund den 8. februar 1830, og ved dåpen er Lars til-  
lert «Sølvsmed». Olaus og Lars døydde av kikthoste vel eitt år gamle, og dermed er Lars Lar-  
sen Talgø (f. 1830) ute av bildet. Den 25. januar 1835 kom ein ny Olaus Larsen Talgø til verda, og då står innført som far «Sølv-ar-  
beider og Borger Lars Talgø», altså har han fått borgarpriv i Kristiansund. Kyrkjebøkene for Kristiansund, som er sterkt




Nils Andersen Åndal (f. 1885) og Laura Mathilde Larsdtr. Myrbostad (f. 1888) gifta seg 14.07.1912. Dette eitt av mange brudbilde der krona er i bruk. FOTO: ROMSDALSMUSEETS FOTOKARKIV

skadde etter i brann i 1950, gjer det krevjande å finne person-  
opplysningar frå denne tida. Frå Einar Thurn-Christensens lokalhistoriske arkivet ved Kris-  
tiansund bibliotek får me opp-  
lyst at Lars og Ingrid budde i «Stenveien 2, matrikelnr. 131» frå 1832. Lars var medlem av bystyret frå 1837, og eg har fun-  
ne ut at han døydde 47 år gam-  
mal 2. september 1844. Der kan såleis ikkje vere han som laga del to brukrone som kom til Romsdal i 1850-åra.

## Lars Endresen Talgø og ekteskapet

Efter at Lars Olsen (1797-1844) er utelukka, skulle ein kanskje tru at det var lett å slo fast at det må vere Lars Endresen som laga kronene, men det er fleire ting å undre seg over her. I fol-  
keteljinga for Kristiansund 1865 står han oppført som «Gulds-  
medmester» og «husstader», men det er her ei viktig tilføy-  
ing som er lett å oversjå: «Hus-  
faderen har været fraværende i otte Aar, opholder sig for nær-  
værende i Molde.»

Dette er ei høgst uvanleg melding i ei folketeljing, men her trur eg forklaringa ligg i eit vanskeleg ekteskap: Lars gifta seg i april 1852 med jordmor Kristine Strøm, som var enke. Ho hadde tre barn frå før, og i



Kleivekrona har vore utlånt til mange bryllup, spesielt etter at Romsdalsmuseets kapell stod ferdig i 1952. Men det var også spørsmål om å få bruke krona i opphog og i meir spesielle arrange-  
ment som t.d. «Synnøve Solbakken-jubileet» i 1957. Blame Myrbostad er kusk. FOTO: ROMSDALSMUSEETS FOTOKARKIV

oktober 1854 fekk dei sonen Sverke Olaus Larsen Talgø sa-  
man. Det ser ut for meg som at Lars Endresen «rømmer» byen og familien etter dette, og me finn han – som opplyst i Kristi-  
ansund – i Molde i 1865 som «Mekannus». Digitale søk i Romsdals Budstikke viser at han hadde stilling som «Vann-  
mester ved Byens Vandværk» i Molde i 1868, og han har også titelen «Kørlæggen». Kor lenge han var i Molde, er uklart, men me veit at han flytta attende til Kristiansund, og då budde han hos Aasen-familien.

Lars og Kristine vart ikkje skilde, men dei levde kvar for seg i Kristiansund. Kristine døydde 1880 og Lars i 1910.





Heimklang fikk æren av å åpne med to sanger: «De nære ting» og «I natt jag drømde».

FOTO: KÅRE HENDSET

## Heimklang åpnet 10-årsjubileum

Torsdag kveld markerte Halsa Frivilligsentral sitt 10-årsjubileum.

### KÅRE HENDSET

150 mennesker var samlet i Halsahallen for å feire de ti første årene, og det ble servert både underholdning, middag, kaffe og kake.

Og selsagrt vanket det både gratulasjoner, gaver og blomster til jubilanten».

Det var demenskorset Heimklang som fikk æren av å åpne med to sanger: «De nære ting» og «I natt jag drømde», før Sjønebarna bidro med to sanger.

Ordfører Marit Liabø Sandvick var forhindret i å være tilstede, derfor var det assisterende kommunedirektør Anita Ørsal Oreholm, som granulerte og overrakte en blomsterbukett fra Heim kommune.

Via video på storskjerm, granulerte Marte Tangen, leder i Norges Frivilligsentraler. Hun skåret av det arbeidet Halsa Frivilligsentral hadde gjort de ti første årene, og ønsket lykke til videre.

Men det var flere som ville granulere og overrette enten blomster eller gaver:

Leder i Halsa Kunstlag, Borgny Bersås, leder i Halsa Pensjonistforening, Aase Fjærli, leder i Rennebu Frivilligsentral og nettverksleder for fjellregionen, Maj Britt Sworkdal Hess, leder Siri Sæterbø i Venneforeningen for Liåtun, sykehjemmet og HIPS på Liabøen, leder i Villa Vungen, Ivar Beiten, leder Ole Trygve Fosseide i Rindal Frivilligsentral og Reidar Klungervik, enhetsleder kulturheim kommune.

Klungervik granulerte med dagen, og sa at frivilligheten i Halsa og Heim står heldigvis sterkt, og er godt motiverte for den viktige jobben. Det ser vi gjennom alt det frivillige arbeidet som utføres daglig.

– Frivilligsentralen er en god møteplass for mange. Her arrangeres det språk kafé, aktivitetstevnenordning, tur og turvenn, lunsjservering på skolen, småjobbssentral- ombruks-




Helene Storvik på Sekken fekk låne Andalskrona då ho gifta seg med Kåre Lybergsvik 27.12.1952 på Sekken.

FOTO: JANNE SEKKESETER



I 1990 fekk Romsdalsmuseet laga ein kopi av Kleivkrona med fullt utstyr til utlån. Her er det Merete Berg Toreg som poserer med kopien.


FOTO: ROMSDALSMUSEETS FOTOPARKIV



Stempla på Kleivkrona. Kanskje er dette «L. Talgøe-stemplets» det einaste som eksisterer etter denne mannen? «LI» står stempla fleire gonger på både Kleivkrona og Åndalkrona, og kronene er svært like. Det er derfor opplagt at baa kronene er laga av Lars Talgø (1828-1910) første halvdel av 1850-åra.

MÅLSTAV: LARS TALGØE

FOTO: JOHNNY BRATSETH/ROMSDALSMUSEETS FOTOPARKIV



John Olaus Botteri og Marit Iversdr. Gussås gifta seg i Kleve kyrkje 14. juli 1906. Dette er truleg det eldste bildet av Kleivkrona i bruk.

FOTO: ROMSDALSMUSEETS FOTOPARKIV